



I samband med Festidalen i 2007 vart det laga eit provisorium ved den raserte brua. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er enno ikkje klart for oppattbygging av brua ovanfor Dønhaughølen som vart øydelagt av flommen hausten 2005.**

**Det går fram av den siste kontakten mellom grunn- og brueigar Magne Huglen og kommunen sin saksbehandlar Jon Harald Kjærland,**

Kjærland har lese eit brev som NVE region vest skreiv for eit år sidan om konsesjonsfritak ved oppattbygginga av brua.

I vedtaket skreiv dei at før tiltaket vert sett i verk må det vurderast av kommunen etter plan- og bygningslova og innhentast fråsegn av Fylkesmannen, påpeikar Kjærland.

Han minner difor Huglen om eit bev frå kommunen hausten 2006 der han vart gjort merksam på at det ved oppattbygging av brua skal innsendast søknad av godkjent firma/foretak samt at prosjektering og utføring av tiltaket er ansvarsbelagt.

Kjærland gjer det difor klart at arbeidet ikkje må starta før denne dokumentasjonen er innsendt og funne i orden.

Av Ola Matti Mathisen